

Supersommar ... eller?

Spørsmålet



Brått er eg omringa av alle jentene i klassen.

«Kva er det?» seier eg.


«Vi berre lurar på noko,» seier Anniken.

«Kva då?» spør eg.


«Er du og Alfi kjærastar?» spør Anniken og ser RETT på meg.

«Hæ? Nei!» bryt eg ut med det same.

Eg synest spørsmålet var merkeleg. Men det blir endå merkelegare. Brått rekkjer Anniken den eine armen sin i vêret og gir «tommel opp» til Iselin, Nora og Anita. Og dei blir glade, og Iselin lyser opp. Det er VELDIG rart.



Eller nei.



DETTE er spørsmålet ...

«Fint,» seier Anniken.

«Då kan du spørje han frå Iselin, då eller?» held ho fram.

«Iselin er forelska i Alfi, skjøner du.»

«Nei!» seier eg. (Det berre glepp ut av meg.)

«Kva meiner du med nei?» spør Anniken strengt.

«Eg meiner nei, det kan eg ikkje,» svarer eg.

«Var det noko meir, då?» spør eg med ei stemme som ikkje skjelv.

Eg går gjennom jenteflokken og ut av klasserommet. Eg høyrer dei begynner å kviskre og tiske.

«Hei Oda,» høyrer eg Alfi seie rett ved meg.

«Kvar skal du, då?» spør Seb. Det sit fleire gitar i trappa.

«Ut,» seier eg.





Hendelsen i trappa

«Skal vi ta skulebussen heim i dag?» spør Alfi. Til meg. Han ser meg rett inn i augo og ventar på at eg skal svare. Eg blir ståande og glane.

«Ja, skal vi?» spør han igjen.

«Kva då?» seier eg.

«Ta bussen heim saman,» svarer han.

«Klart det,» svarer eg, og føler meg *fullstendig* lykkeleg.



Brått strekkjer Alfi handa si opp mot meg. Eg ser på ho, og på han, før eg rekkjer ut handa mi, og tek hans. Straumen går som ein støyt gjennom kroppen min. Eg kan ikkje fatte det om han ikkje kjende det også. Eg raudnar. Dei andre gutane i trappa ser på oss og flirer.

Eller nei. **DETTE**
er **HENDELSEN**
i trappa ...



«Ja, hjelper du meg opp, eller?» spør Alfi og klemmer så vidt i handa mi.

«Klart det!» nesten roper eg. Eg dreg så hardt i handa hans at eg nesten fell bakover og han nesten framover. Men ingen av oss fell, vi blir ståande sånn. Vi står berre og held i kvarandre, midt i trappa. Hjarta mitt dunkar, det kjennest som om vi berre står her og står her. Berre han og eg ...

Men brått høyrer eg jentestemmer og eit ganske høgt hulk frå toppen av trappa. Eg rekk å sjå at det er Iselin som hulkar, før ho snur seg og spring. Anniken blir ståande og sjå på meg og Alfi. Ho ser ganske rasande og sjokka ut. Så spring ho etter Iselin.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 7A side 49.

Gjer oppgåvene 1–7.

Forenkla med løyve frå Nina E. Grøntvedt